

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Møtedato	Saknr
Plan- og miljøutvalet	02.05.2024	026/24

Adressenamn ny veg Straume - Ebbesvika

Kort om saka

Retningslinjer for adressering og tildeling av adressenamn i Øygarden kommune vart vedteke 17.06.2021 (KS-sak 091/21). Gjennom retningslina vart det oppretta eit administrativt namneutval, og eining plan, geodata og oppmåling vert delegert namnemynde for kommunen. Namneobjekt av stor offentleg betydning vart ikkje delegert.

Frå den nye rundkøyringa i Idrettsvegen ved Sotra Arena og sørover til knytestpunkt på Ebbesvikvegen (vegparcell med adresskode 4016), vert det no bygt ein ny veg, ref. reguleringsplan 327 RP Ebbesvika-Straume, Ny off.veg (45-1,3,5,8) med planID 124620100011. Langs vegen ligg næringsområde samt eit bustadfelt knytt til den nye traseen. Vegen er omlag 1100 meter lang, og knytter Ebbesvika og Gavlen tettare til Straume sentrum. Denne vegen skal no namngivast med vegadressenamn.

Namneutvalet i kommunen har gjennomført høyring på eit framlegg, vurdert nye innspel og henta uttale frå Språkrådet. Vegen har stor offentleg interesse, då den er sentrumsnær og vil verte ny hovudferdselsåre mellom Straume, Ebbesvika og Gavlen. Kommunedirektøren har difor vurdert det som føremålstenleg å leggja saka fram for politisk avgjerd. På bakgrunn av utgreiing i saka tilrår kommunedirektøren å gje vegparcell med adressekode 4016 namnet Friluftsvegen.

Dokument vedlagt saka:

Tittel
Merknad til uttale hos Språkrådet
Tilbakemelding og tilråding - namn på to vegar til Ebbesvik området
Merknad til høyring
Merknad til høyring
Merknad til høyring
Merknad til høyring
Tilbakemelding om nytt vegadressenamn til høyring

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Plan og miljøutvalet vedtek i medhald av matrikkellova § 21 og stadnamnlova § 7 adressenamn for følgjande veg i Øygarden kommune: Friluftsvegen - akode 4016

Saksopplysningar


Regelverk knytt til adressering (kodar og nummer) finn ein i *Lov om eigedomsregistrering* (matrikkellova) og *Forskrift om eiendomsregistrering* (matrikkelforskriften). Regelverk knytt til adressenamn finn ein i *Lov om stadnamn* (stadnamnlova). Adressenamn er mellom anna namn på gate, veg, sti, plass eller område, brukt som del av den offisielle adressa. Eit adressenamn skal vere eintydig innanfor same kommune, m.a. av omsyn til naudetatane. Kommunen er ansvarleg mynde for å iverksette eit adressesystem for kommunen, og vedlikehalde dette gjennom tildeling av nye adresser, endringar og registrering av adresser i matrikkelen.

Øygarden kommune har vedteke retningslinjer for adressering og tildeling av adressenamn, og oppretta eit administrativt namneutval. Eining plan, geodata og oppmåling er delegert namnemynde for kommunen, med unntak av namneobjekt av stor offentleg betydning. Bakgrunn for framlegg til vegnamn sendt på høyring.

Namnesetjing for ny veg mellom Straume og Ebbesvika

I arbeidet med namnsetjing på ny veg frå rundkøyring i Idrettsvegen retning Ebbesvika, har namneutvalet nytta språksamlinga Hordanamn, Stadnamnregisteret (SSR) og Artsdatabanken. Det er få stadnamn i området å bruka i adressearbeidet, og namneutvalet såg først på kva som dannar naturlege vegparsellar ved første framlegg til vegnamn.

Den nye vegen (grøn) vil binda eksisterande veg (Ebbesvikvegen) saman med eit nytt vegkryss. Hovudferdselen glir frå den nye vegen saumlaust over i den eksisterande vegen mot Gavlen (raud), medan første del av eksisterande Ebbesvikvegen (blå) får påkøyring til ny hovudtrase i eit nyetablert T-kryss. Dette kan tale for å ha samanhengande vegnamn frå rundkøyringa i nord og heilt til Gavlen.



For å få eit heilskapeleg adressesystem i området ønska namneutvalet å legge om Ebbesvikvegen slik at den startar i den nye rundkøyringa ved Sotra Arena, og går heilt fram til Gavlen (grøn + raud). Ei slik løysing krev at det vert gitt nytt namn på vegen frå Brattholmen fram til nytt T-kryss (blå). Namneutvalet har her foreslått Gamle Ebbesvikvegen. Løysinga inneber at meir enn 40 eksisterande adresser vert endra frå Ebbesvikvegen til Gamle Ebbesvikvegen. Husnummera forblir uendra.

Sjølv om ein i utgangspunktet prøver å unngå omadressering ved nye adressetildelingar meinte namneutvalet at ei adresseendring frå Ebbesvikvegen til Gamle Ebbesvikvegen (same husnummer) er akseptabel for å kunna bruka same namn på heile vegen frå Sotra Arena til Gavlen. Ved å leggja til «Gamle» framfor «Ebbesvikvegen» kan dei som bur langs vegen framleis relatere til namnet.

Framlegg til ny samanhengande adresseparsell (grøn + raud) med namnet Ebbesvikvegen, og endringa til Gamle Ebbesvikvegen (blå) frå Brattholmen til nytt T-kryss, er forankra i Adresseveilederen til Kartverket. Her står det at «*Riktig inndeling i adresseparseller er viktig for å få et godt og tjenlig adresssystem*». Adresseveilederen viser også til at eit vegsystem som er «*logisk og lettfattelig kan være avgjørende for en rask og effektiv distribusjon, og i utrykningssammenheng "når sekundene teller"*». Det kan vere tenleg å nytte utbygging og endring i vegsituasjonen til å legge til rette for gode adresseparsellar. Framlegget gjer også at ein unngår unødig skilting med tilvisingar for høgare og lågare nummerering i T-krysset.

Høyring og mottekne innspel

Forslaget om endring til Gamle Ebbesvikvegen vart sendt ut saman med høyringsbrev til alle med adresser Ebbesvikvegen 1-96, hovudbrukseigarar og lag/organisasjonar. Høyringa vart dessutan annonsert i Vestnytt og på Øygarden kommune sine heimesider 29.09.2023 med høyringsfrist 01.12.2023. Vestnytt laga òg ein nyhendeartikkel om saka.

I høyringsperioden kom det inn tre høyringssvar frå bebuarar langs Ebbesvikvegen og to frå hovudbrukseigarar. Ingen lag/organisasjon gav høyringssvar.

Fire av merknadene går omtrentleg ut på det same. Dei ønskjer ikkje å ta ekstraarbeidet det medfører å endre adresse, og føler det er unødvendig. I tillegg vert det peika på den historiske verdien ved å la Ebbesvikvegen vere urørt, sidan det er originalnamnet på vegen. Dei føreslår namn på den nye vegen: Nye Ebbesvikvegen eller Arenavegen.

Den siste merknaden talar for at første del av Ebbesvikvegen byter namn til Øvre Snekkevik, då denne vegstrekinga ikkje har noko med Ebbesvika å gjera.

Vurdering av innspela

Kommunen har heimel for å omadressere eksisterande vegadresser, jf matrikkelforskriften §50 ledd 7 og 8. Omadressering vert gjort for å få klarare og meir eintydige adresser (namn, nummer etc.), som fungerer godt i eit langt tidsperspektiv og gir eit teneleg adresssystem.

For bebuarane vil jobben med omadressering vere ein liten jobb sett opp mot det langsiktige perspektivet for adresssystemet i kommunen. Folkeregisteret er kopla mot matrikkelen og vert automatisk oppdatert ved adresseendring. Mange aktørar, både offentlege og private, vil normalt oppdatere seg mot folkeregisteret, slik at dei automatisk får oppdatert adresseinformasjon. Det er derfor kun aktørar som ikkje nyttar folkeregisteret som må orienterast om ei adresseendring.

Når det gjeld å endra vegnamn til Øvre Snekkevik(vegen) i første del av Ebbesvikvegen (blå), slik det siste innspellet foreslår, har namneutvalet vurdert at dette er ei adresseendring som vert unødvendig stor (frå Ebbesvikvegen til Øvre Snekkevikvegen). Det er også mogleg at bebuarane langs vegen i mindre grad vil relatere seg til Øvre Snekkevikvegen.

Oppfølging etter høyring

Som oppfølging av høyringsinnspela gjorde namneutvalet nye søk for å få fleire moglege namn til drøfting. Ein gjorde m.a. oppslag i Artsdatabanken og leita fram artar funne i området, deriblant myrhatt og kystmaure (Myrhattvegen og Kystmaurevegen).

I Hordanamn er Stemhaugen ein namngitt haug i det området som ny veg møter den eksisterande Ebbesvikvegen. Med bakgrunn i dette vart også Stemhaugvegen lagt fram som forslag.

Namneutvalet såg også til andre vegnamn i området (Idrettsvegen). Det går stiar i marka og ein turveg parallelt med den nye vegen. Det vart derfor lagt fram forslag om Friluftsvegen.

Namneutvalet sitt framlegg med omlegging av Ebbesvikvegen og oppretting av Gamle Ebbesvikvegen vart, saman med innkomne innspel (Arenavegen, Nye Ebbesvikvegen og Øvre Snekkevikvegen), og namneutvalet sine supplerande forslag (Kystmaurevegen, Myrhattvegen, Friluftsvegen og Stemhaugvegen), sendt til Språkrådet for tilråding 20.12.2023. Svar på tilråding frå Språkrådet kom til kommunen 09.01.2024 og 04.03.2024.

Språkrådet rådde ikkje kommunen å endre namn på eksisterande vegtrase, men heller å bruka eit nytt namn på den nye vegen. Dei tilrådde Stemhaugvegen, med denne grunngjevinga: *«Det har stor verdi å få ei god vidareføring av det nedarva tilfanget med lokale stadnamn. I brevet frå kommunen er det synt til det at det på staden der den nye vegen møter Ebbesvikvegen, er ein haug som på nettsida Hordanamn er registrert med namnet Stemhaugen. Me tenkjer difor at alternativet med å la nyevegen få namnet Stemhaugvegen er det beste».*

I oversendingsbrevet frå kommunen til Språkrådet vart dei beden om å koma med ei rangert tilråding av forslaga som låg føre. Språkrådet svarar: *«Kommunen spør om Språkrådet kan komma med ei «rangert tilråding for alle namna». Her vil me setja Stemhaugvegen på førsteplassen og Nye Ebbesvikvegen på den neste. Resten av dei føreslegne alternativa som er knytte til den nye vegen, verkar meir likeverdige».* Dei skriv òg: *«Me har ingen merknader til dei andre namneformene som er nemnde som alternativ til namn på nyevegen».*

Språkrådet har i si tilråding soleis gitt sin tilslutning til skrivemåten på dei øvrige framlegga til vegnamn, jf. stadnamnlova §9.

Oppfølging av samfunnsdelen til kommuneplanen

Namnesetjing av ny veg frå Sotra Arena retning Ebbesvika påverker ikkje mål eller delmål i samfunnsdelen, og har dermed heller ingen målkonfliktar.

Konsekvensar for folkehelse

Det er klare fordelar med offentlege adresser i kommunen. Kartverket skriv mellom anna dette på sine nettsider: *«En presis adresse er mange steder en forutsetning for at ambulanse og andre utrykningskjøretøyer skal finne raskt fram. Verdifulle minutter og i verste fall liv kan gå tapt på grunn av uklar kjørebekrivelse. Med stadig mer sentraliserte alarmsentraler kan man ikke lenger forvente lokalkunnskap hos den som tar imot nødtelefonen. Misforståelser kan oppstå når adressen som oppgis er mangelfull, ikke minst i områder der man fortsatt bare opererer med gårds- og bruksnummer, eller der det mangler adressenavnskilt (vegnavnskilt) og adressenummerskilt (husnummer).»*

Økonomiske konsekvensar

Namnesetjing av ny veg vil krevja produksjon og montering av namneskilt og tilvisingskilt. Kostnadene vert dekt frå Eigedomsforvaltning sitt driftsbudsjett.

Vurdering og konklusjon

Kommunen sitt opphavlege framlegg til høyring vart av namneutvalet vurdert til å vera ei god og varig løysing. Framlegget tek i vare ei god inndeling i adresseparseller som er viktig for å få eit godt og teneleg adressesystem. Det er også eit passende tidspunkt for korrigeringar og forbetringar når vegen no vert utbygd og det er ei endring i vegsituasjonen. Slik kan ein legge til rette for gode og langsiktige adresseparsellar.

Framlegget fekk ikkje oppslutning i dei fem merknadene som kom inn i høyringa. Språkrådet tilrådde heller ikkje namneendring på vegtraseen (blå) i dette høve. Språkrådet gav i tillegg tilråding i høve innspel som vart motteke i høyringa og nye framlegg frå namneutvalet:

Nye Ebbesvikvegen – innspel i høyring
Arenavegen – innspel i høyring
Øvre Snekkevik(vegen) – innspel i høyring
Myrhattvegen – framlegg frå namneutvalet
Kystmaurevegen – framlegg frå namneutvalet
Stemhaugvegen – framlegg frå namneutvalet
Friluftsvegen – framlegg frå namneutvalet

Språkrådet vurderer i sin uttale at «*alternativet med å la nyevegen få namnet Stemhaugvegen er det beste*», og legg mellom anna vekt på nedarva tilgang av lokale stadnamn. Oppslag i vegadressene i kommunen viser at det allereie er fire adressenamn som startar med *Stem-*. For å ikkje skapa forvirring med andre vegnamn som heiter noko med *Stem-*, tilrår ikkje kommunedirektøren å gi den nye vegen namnet Stemhaugvegen. Ved adressering i travle og sentrumsnære stader, vil kommunedirektøren legge vekt på nytteverdien i å finne eit lettfatteleg og forståeleg namn, framfor eit nedarva stadnamn som er lite kjent.

Den nye vegen går frå Idrettsvegen, i eit området med turstiar og flotte tilrettelagte lyssette turvegar for allmennta. Fjell kommune har tidlegare verdsett dette friluftsområdet som svært viktig. I Øygarden kommune er det ingen vegnamn som inneheld nemninga "*friluft*", og kommunedirektøren meiner at *Friluftsvegen* er eit godt namn for ein ny veg i området mellom Idrettsvegen og Ebbesvika. Dei øvrige namna som er føreslegne, vert vurdert som framande og tunge. Sett i lys av at den nye vegen vil ha mykje varelevering og kundekontakt til Coop OBS Bygg, vil kommunedirektøren rå ifrå å nytte desse namneforslaga. Språkrådet har ikkje gitt noko tydeleg tilråding knytt til desse namna.

Konklusjon

Kommunedirektøren tilrår å gje ny vegparsell med adressekode 4016 namnet *Friluftsvegen*. Vegen går frå rundkøyringa i Idrettsvegen (Sotra Arena) forbi Coop OBS Bygg, til Ebbesvikvegen, og knyer Ebbesvika og Gavlen tettare til Straume sentrum.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 02.05.2024:

Endringsforslag - Adressenamn for ny veg Straume Ebbesvika - Anita Vindenes Høgre

Plan og miljøutvalet vedtek i medhald av matrikellova §21 og stadsnamnlova §7 adressenamn for følgjande veg i Øygarden kommune; Arenavegen – akode 4016.

Votering

Forslaget frå kommunedirektøren fekk ingen stemmer og fall
Endringsforslaget frå Anita Vindenes (H) vart samrøystes vedteken

Vedtak i Plan- og miljøutvalet - 02.05.2024 - 026/24

Plan og miljøutvalet vedtek i medhald av matrikellova §21 og stadsnamnlova §7 adressenamn for følgjande veg i Øygarden kommune; Arenavegen – akode 4016.